

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: *Arv og plog.*Oppskr. av: *Olav Fjörtoft*(adresse): *Fjörtoft*Fylke: *Møre og Romsdal.*Herad: *Ibaram.*Bygdelag: *Fjörtoft*Gard: *Fjörtoft nøre, Fjörtoft søre
og Otterlev.*

G.nr. 3. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Oppskrifta er bygt på gransking av eldre plogar og rester av plogar, og av røynsle frå tida 1890 til no.

Likewise er oppskrifta bygt på det 80 år gamle folk kan fortelja frå 1860-åra og av det som deira foreldre hadde fortalt.

— " —

Arde og plog.

1. Både ard og plog er brukt i bygda no.
2. Arden blir no brukt berre til å ^{slå} opp ~~slå~~ rader - fører - i potet- og rotfrukt-åkeren og som hyppeplog.


Ymse ting tyder på at arden har vori den einaste plogtype også her i bygdene, men helst før 1800-talet. Namnet ard-ås, som erno er det almenne namnet på plogåsen, tyder på det. Men arder av denne eldste type finst ikkje att, og ingen kan no seia korleis han såg ut.

Den eldste måten å mylda ned kornet på var grevet i nybrotne åker, og harve=riva til gamal, godt smuldra åker. Harve=riva finst erno att på gardane. Hovudet på denne var 70-80 cm. langt, laga av bjørk. Skaffet var av tre, tjukt og sterkt. Tindane omlag 1 dm. lange. Dei var helst av hasl. Seinare kom led=harva i bruk, dregen av hesten. Ho var på alle bruk som fødte hest i 1830.

3. Arden blir brukt både til å slå opp rader når ein set poteter, og til å hyppa potetene. "Fore dei", som ein seier.

4. Då ingen av dei gamle tre:ardene finst att, er det uråd å seia noko visst om korleis dei såg ut. Ein kan

Plogdrættet.



a: Tverrtre, eller tverrstang.
b: Drottare eller tavn.

1841

berre seia for visst at styret-handtaket
på den eldste treplogen, som har
fünnesk att i bygda var slik^{som} på
fig. 1.

Skjaker av typen på nr. 1 har vori
brükt, men var sikkert fest til ardäsen
med ei tau stropp.

5. Skjaker av typen nr. 4 er ukjind.

6. Namn som enno går att på dei
ynuse deler er: ardäs, som vert
brükt om plogäsen framleis, skjeret
(eller "skjæra") som skjer fura i jorda,
"taa" - ~~det~~ fremste spissen, listen, skillet
med stille = bleggen for djupna, hand =
taket eller styret og "drettet" eller
draget.

"Drettet" kom i staden for skjaker. Dette
var ei tverstang av tre med eit tau
i kvar ende som ein feste til hesteselen.
Denne sort drette eller drag blir framleis
brükt til äker = plogen.

7. Dette kan ikkje svarast på. Det er ukjint.

8. Det er alt som tyder på at utviklinga
frå tida kring 1750 gjekk i den lei at
arden fekk velteffjöl og vart den fyrste
rettelege plogtype.

9. Nei, aldri om harv.

10. Nei. Djupna vart regulert med ein
blegg eller stille = klosse, som på fig 4.

11. Typen fig. 5 er den mest kjinde av
dei eldste plogformer som det no finst
att restar av. Den hadde berre ei
velteffjöl og var Brükt som plog
til a plöya äkeren med. Namnet

var alltid plog om slike. Kniv var ikkje brukt, og velteffjola var ikkje stillbar. På den aller eldste typen var velteffjola heilt av tre. Seinare vart ho kledd med jærnplate, og fremste skjere-spissen smidd av jærn.

Fyrst i 1870-åra kom dei fyrste plogar med velteffjål og alt underskell av jærn. Berre ardåsen og styret var av tre.

Forma på desse nye plogane var ikkje eins. Dei fleste formene likna mykje fig. 11, 13 og 14.

12. Til ut i 1890-åra vart jærnplogane laga av bygdesmedar. Fleire av dei var sers flinke og laga verkeleg gode plogar. Den siste her på garden var i bruk som åkerplog til 1920 - då han vart utskift med "jadar"-plogen, med kniv, hjul og slepesko.

13. Det blir no brukt berre fabrikk-smidde plogar. Omskifte frå heimegjorde til moderne plogar tok til i 1890-åra, då engpløyning med veksellbruk kom til.

Før ein plog laga av bygdesmedar var betalt 15-25 kroner (4-6 sp. daler)

14. Nidskrivaren kan så vidt hugsa at det på ein gard var ein heimegjord plogtype som likna på fig. 8.

Velteffjola var av tre (vridd utover oppe og bak) og med jærnskoring framme på skjeret (tåa) og med lest av tre og jærn. Styret var som på fig. 8 og heilt av tre. Ridill eller kniv vanta.

Noko særskildt namn hadde denne plogtypen sikkert ikkje.

15. Plo eller spade til å reinska veltefjåla med er ukjent.

16. Både måtane var nytta når ein køyrde plozen tilbake. Det var helst ei individuell sak anken ein køyrde med veltefjåla ned eller motsett.

17. Dei som køyrde tilbake med flatsida ned hadde ein klosse på. Namnet på den var slepesko eller slepeklosse.

18. Både høgre- og venstre-plog var brukt, men venstre-plozen meir sjeldan.

19. Djupna kunne ein variere frå 6 til 8 tommar. Reguleringa var dels med stillebleggen under eller over ardaasen (i bakerste kant), og dels med lengda av taustrøppar frå ardaasen til drettet eller draget.

20. Ristill eller kniv hadde disse plogane ikkje.

21. Plog lik. fig. 10 er ukjent og har sikkert aldri vori brukt her.

22. Berre der ein hadde lenger veg til åkeren, køyrde ein plozen på slede eller kjerre (vogn).

23. Plogtypen som fig. 12 - Falkensten-plozen - har eg ikkje høyrte omtala av gamle folk, og den har truleg ikkje vori kjend.

Dei ymse namn på plogdeler brukt i bygdemålet er:

Plogskjeret (også kaldt kalla „fåa“), veltefjåla, lesten, salen, ardaasen, skjret eller handtaket, slepekoen, stillebleggen, dragfestet eller drette-festet.

I bygda blir ordet plog brukt om reiskapen som velter jorda til ei side, og namna hyppelplog og ard om plog med to veltefjoler, ei på kvar side.

Namnet ard blir ikkje brukt om hypen med berre ei veltefjöl.

I bygda her seier ein alltid ard-åsen om plog-åsen.

Ordet ard vert uttala ar utan d og ikkje "al". Bygdemålet har ikkje tjukk l.

Plog vert uttala plog med tydeleg g-lyd. Ordet er hankjønn i bygdemålet.

≠

1841

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING